



”Geit i Vekst”

v/Ola Søgnesand
Postboks 62
6801 Førde
Telefnr: 57833642
Mobilnr: 90996816
E-post: ola.sognesand@tine.no

Dato: 21.08.2008.

Ny giv i geitehaldet.

Med bakgrunn i den store avskalninga og lite investeringar innafor geitehaldet gjennom mange år må ein kunne seie at ein no opplever ein ny giv i næringa, som er svært gledeleg

Mange ynskjer no å gjere større og mindre investeringar i driftsbygningen for å gjere kvardagen betre både for folk og fe. Nokre satsar skikkeleg stort ved å gjere omfattande om- og påbygging. Felles for dei fleste som investerar er at dei og vil auke produksjonen ved å kjøpe kvote. Underteikna har vore på mange gardsbesøk for å sjå på løysingar og alle besøka har resultert i at det har blitt gått vidare med planene.

Etter at det blei gjennomført ei møterunde med geitehaldarane i Hordaland har dei kome skikkeleg med. Samla for prosjektområdet er det no nær 20 byggesaker som er planlagt eller under planlegging.

Nokre er alt ferdige med bygginga medan andre er starta og atter andre ventar på godkjende planer.

Under siste jordbruksavtala vart det vedteke at det ikkje skal vere noko nedre investeringsgrense for å kunne få tilskot. Dette er viktig og fører til at den før nytta praksisen som gjekk på at investeringar under kr 500 000,- var å sjå på som vedlikehald og ikkje tilskotberettiga fell bort.

Dersom **du** går med planer om investeringar i driftsbygningen er det berre å ta kontakt. Det kostar ingenting å få underteikna på plass for ei samtale og ein diskusjon omkring løysingar. For mange kan det vere aktuelt å få laga ein ØRT (økonomisk rådgjeving geit) for å få fram det økonomiske utslaget ved ulike driftsopplegg. Ein slik gjennomgang kan gje eit godt grunnlag for å bestemme den vidare satsinga for bruket. ØRT er ei betalingsteneste hos Tine som ikkje kostar all verden, og ofte vil det vere vel anvende pengar.

Vel ein å gå vidare med eventuelle planer vert det å få laga teikningar og kalkyle. I tillegg må det utarbeidast ei driftsplan som fortel den økonomiske stoda etter utbygginga.

Kalkyle og driftsplan vil danne grunnlaget for søknad om lån og tilskot hos Innovasjon.

For dei som ynskjer å sjå ein ferdig ombygd fjøs kan det vere greitt å vite at det er gjort avtale med eit bruk i Jølster om visningsfjøs. I tillegg er det gjort avtale med eit bruk i Hordaland der fjøsen er under bygging.

Er du interessert så ta kontakt med underteikna.

På eit geitebruk på Møre er det under planlegging ein fjøs med mjølkekarusell. Om dette blir realisert vil ein freiste få til avtale om besøksfjøs.

Med helsing

Ola Søgnesand